

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/2196-1

Prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjon slik den framlagt i saka.
2. Høyringsfristen for prosjektet Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport vert tre veker som i dag.
3. Høyringsfristen for prosjektet læringsmiljø og PP-tenesta kan settast til fire veker.

Vedlegg:

- Prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjon – forslag til handsaming i kontrollutvalet 25.3.2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen og kontrollsjef avtalte i mai 2013 eit møte der mellom anna prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjon var tema. I møtet som vart gjennomført 9. juli same år vart dette diskutert. Utkast til prosess lagt fram av kontrollsjefen, vart diskutert, og fylkesrådmannen kom med innspel om å få tre veker høyringsfrist. Det vart i tillegg avtalt å skilje verifisering og høyring, slik at ein fekk to adskilte prosesser for dette. Dette ville også resultere i at ein ville unngå misforståingar i forhold til fakta og vurderingar. Det er også viktig at ein er samde om faktadelen før vurderingane kan bli gjort.

Proessen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som fylkesrådmann og kontrollsjef var samde om i møte 7. juli 2013, vart godkjent av kontrollutvalet i KU-sak 35/13.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen ber i ein e-post til kontrollutvalsleiar og kontrollsjef datert 25.2.2015, om at kontrollutvalet vurderer å forlenge høyringsfristen for forvaltningsrevisjonsrapportane med ei veke slik at den vert på fire veker. Argumentet er at fylkesrådmannen vil ha høve til å få ein grundig gjennomgang av høyringsuttalen, og at den også vert diskutert i leiargruppa. Erfaringar har vist at det er behov for 4 veker for å få til dei gode prosessane som fylkesrådmannen ynskjer i samband med høyringar av forvaltningsrevisjonsrapportane.

Kontrollsjefen er oppteken av grundig og godt arbeid i samband med forvaltningsrevisjon frå start på prosjektet og til oppfølging av eventuelle tilrådingar som fylkestinget vedtek er fullstendig gjennomførde. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg tid til arbeidet som skal

gjerast. Når fylkesrådmannen ber om ei veke ekstra til høyringsprosessen ser ikkje kontrollsjefen at det er noko problematisk å kome det ynsket i møte. Dette vil vere med på å gje arbeidet med forvaltningsrevisjon større merksemd.

Den einaste konsekvensen er at prosjekta må settast i gang ei veke før med den nye prosessen lagt til grunn. Det er viktig å arbeide for at det ikkje vert forseinkingar i prosjektgjennomføringa, og eventuelle forseinkingar må meldast til kontrollutvalet.

Det må også vere mogelegheit for at ein unntaksvis må få høve til å be om kortare høyringsfrist når ein ser at det er naudsynt for gjennomføringa av eit prosjekt, slik at rapporten kjem til politisk handsaming når aktualiteten gjer det ynskjeleg.

Prosjekt under arbeid

Forvaltningsrevisjonsprosjektet innkjøp og oppfølging av kollektivtransport, som skal vere ferdig innan 1. mai, er kome så langt i prosessen at det er vanskeleg å forlenge fristen for høyring for dette prosjektet. Revisor har planlagt gjennomføring etter rutinen med tre vekers høyringsfrist.

For prosjektet læringsmiljø og PP-tenesta, som skal vere ferdig innan 11. september, bør det gå greitt med fire vekers høyringsfrist med atterhald om at det ikkje oppstår forseinkingar.

Vurderinga av høyringsfristen i dei to prosjekta under arbeid er gjort i samråd med revisor.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen går inn for at høyringsperioden for forvaltningsrevisjonsrapportar vert utvida med ei veke, slik at tidsramma for høyring vert sett til 4 veker.